

Besøksstrategi

2025-2029

Kolebakkane naturreservat



Innhald


1 Innleiing	3
1.1 Føremål	4
1.2 Kort om rammeverk	4
2 Kunnskapsgrunnlaget.....	5
2.1 Sårbare naturverdiar.....	5
2.2 Næring	6
2.3 Den besøkande	6
2.3.1 Fotturar.....	7
2.3.2 Sykling	8
2.4 Anna relevant kunnskap	8
2.5 Oppsummering	9
3 Mål og strategiske grep.....	10
3.1 Mål med besøksforvaltninga	10
3.1.1 Mål for verneverdiane	10
3.1.2 Mål for dei besøkande	10
3.2 Strategiske grep.....	10
4 Kommunikasjonsplan	11
5 Tiltaksplan.....	11
5.1 Ta vare på verneverdiar og fjerne framande artar.....	12
5.1.1 Klopper (figur 2, blå punkt)	13
5.1.2 Delte løp	13
5.1.3 Trapp (figur 2, grønne punkt).....	14
5.1.4 Redusert ferdsel på utsett sti til Vetten.....	14
5.1.5 Tiltaksplan oppsummering	14
5.1.6 Gjennomførings- og overvåkingsplan.....	15
5.1.7 Risikovurdering	15
I. Vedlegg: Bilde frå aktuelle tiltakspunkt	16

1 Innleiing

Kolebakkane naturreservat (NR) er eit furuskogområde med eit urskogpreg som er lite påverka av menneske. Naturreservatet har eit areal på rundt 4 500 dekar i høgdelaget mellom 200 og 600 moh. Området ligg i skogområda ovafor Breimsvatnet og Breimsfjelltunnelene på oppsida av E39 i Gloppen kommune.

Kolebakkane NR er lett tilgjengeleg og har fleire fine turmål, blant anna er turen opp til Vetten eit av dei mest besøkte turmåla i Gloppen kommune. Områda elles i reservatet har lite ferdsel. Enkelte plassar, spesielt i bratte lier, er naturen ekstra sårbar for erosjon. Våte parti i stiane blir utvida og gjørmete då folk gjerne går utafor stien og trakkar til fleire laup.

Besøksstrategien er ein plan for korleis det kan leggst til rette for at besøkande skal få ein god oppleving av naturen utan at dette går utover natur- og miljøverdiane i naturreservatet. Planen er gjeldande i fem år, frå 2025 og ut 2029. Planen må reviderast jamleg for å vere oppdatert og relevant.



1.1 Føremål

Føremålet med vernet av Kolebakkane NR er lagt fram i verneforskrifta § 2:

”Å sikre eit skogområde med alt naturleg plante- og dyreliv. Av spesielle kvalitetar kan nemnast at furuskogsområdet er stort, og lite påverka, med mange ulike skogtypar representerte”.

Føremålet med besøksstrategien er å leggje til rette for opplevingar av området på ein slik måte at verneverdiane blir tekne i vare for framtida. Naturen i Kolebakkane er ei kjelde til rekreasjon, inspirasjon og gode opplevingar, samt at det fungerer som intakte økosystem for artane som held til der. Mangfaldet av desse økosystema, med artane desse inkluderer, er grunnlaget for det biologiske mangfaldet i Kolebakkane. Naturen kan vere sårbar og dersom den vert forvalta feil, kan den verte mindre verdifull. Det er difor viktig å finne ein balanse mellom dei ulike interessene og omsyn som til saman gjev ei berekraftig forvaltning. Besøksstrategien sitt føremål er å legge til rette for bruk av naturreservatet utan at det blir for stor negativ verknad på dei naturverdiane som skal vernast om. Der interessene mellom besøkande, næringsskaping og verneverdiane går opp mot kvarandre, skal omsynet til verneverdiane gå føre.

Verneforskrifta og nasjonal mal for besøksstrategi, som byggjer på merkevara for nasjonalparkar og andre verneområde, utgjer rammene for besøksstrategien.

Strategien skal reviderast før neste planperiode går ut.

1.2 Kort om rammeverk

Det overordna målet med områdevern er å ta vare på naturverdiar. Reglane om områdevern finnast i Naturmangfaldlova kapittel V. [Naturmangfaldlova](#) gjeld for all natur og alle som forvaltar natur eller treff slutningar med konsekvensar for natur. Kapittel V av lova inneheld bestemmingar om verneområde og framgangsmåte for å oppretting, samt reglar for forvaltning vidare når verneområdet er vedteke.

Naturreservatet vart oppretta i 1999 og forvaltninga vert regulert av [FOR-1999-12-17-1458 Forskrift om Kolebakkane naturreservat](#).

Det er lite tilgjengeleg kunnskap om Kolebakkane NR utanom det som står i forskrifta. Det er ikkje laga noko forvaltningsplan for verneområdet. Heile Kolebakkane NR vart kartlagt etter NiN-metoden hausten 2024. [Rapporten](#) gjev ei forståing av naturverdiane som ligg i verneområdet. Det er eit ønske å få ein forvaltningsplan for Kolebakkane NR, men dette vil avhenge av midlar og ressursar. Besøksstrategien blir difor eit ekstra viktig rammeverktøy i forvaltninga av verneområdet.

2 Kunnskapsgrunnlaget

Kolebakkane er verna for sitt store furuskogområde som ber preg av urskog med lite påverknad frå menneske. [Området vart vurdert som særst verneverdig i ei kartlegging av frå tidlegare Norsk institutt for naturforskning \(NINA\) i 1994.](#)

Frå [Naturbase](#) ser ein at Kolebakkane har ymse terrengformer med varierte eksposisjonar som gir grunnlag for mange skogtypar. Mosaikken av myr, furuskog og bjørkeskog er særmerkt for det høgareliggjande nivået i dei slake skråningane. Ein del furuskog er mykje oppblanda med lauvtre, særleg bjørk og osp i dei bratte liene. Delar av skogen har eit gammalt opphavleg preg med tre i alle aldersgrupper og mykje gadd, eller ståande daude tre, som er spesielt viktige for biologisk mangfald i skog. Dei gamle, daude stammane er ein viktig levestad for mange sjeldne artar av insekt, sopp og lav. Malmen i furutrea gjer at stammane står lenger oppreist enn til dømes daude grantre. Når trea faller om blir dei til «læger» eller liggande daud ved fram til dei rotnar og brytast ned.

Kolebakkane NR vart kartlagt hausten 2024 etter metoden nytta av Natur i Norge (eller NiN) som vurderer dei naturfaglege kvalitetane innafor verneområdet. Metoden er nytta i heile Norge slik at data kan samanliknast mellom forskjellige områder. Dei viktigaste verdiane er knytt til furuskogen og førekomsten av daud ved i store dimensjonar. [Rapporten](#) peikar på to forvaltningsutfordringar; bestand av gran i reservatet og spor etter slitasje knytt til friluftsliv.

Det er skrive litt i lokalavisa om blant anna Røsskleivvatnet. Firda Tidend skreiv i intervju med Leiv Bjørkeland i 2010 om korleis Røsskleivvatnet vart til. Røsskleivvatnet ligg midt i Kolebakkane NR og er eit naturleg besøkpunkt. Vatnet er ikkje naturleg, men var laga til ei med demning i 1963. Gloppen jeger- og fiskarlag bygde ei hytte, Røssebu, nokre år seinare. Hytta er vedlikehalde og ligg der framleis i dag.

Utgangspunktet i dalbotnen var ei myr. Skogen vart hogd nedst i dalen og vatn vart demma opp og det vart sett ut fisk. Fisk vart henta frå Veslevatnet og Langedalen i Gloppen kommune. Fisken har ein liten gytebekk der det har vore lagt ut skjelsand og reproducerer seg sjølv.

2.1 Sårbare naturverdiar

Dei viktigaste verdiane er knytt til furuskogen og førekomsten av daud ved av store dimensjonar som hovudsakeleg er knytt til den vestre delen av reservatet. Skogen ber preg av at den har vore utnytta over lengre tid, då det er mangel på daud ved og ein kan sjå gamle hogststubbar. Området har lite trua artar knytt til dei store furugaddane og eldre furu samanlikna med mange andre plassar. Dette er truleg fordi område ligg i eit oseanisk strøk, samt mangelen på daud ved.

Området har mykje fattig furuskog med næringsfattig skogmark av ulik uttørkingsgrad. Øvst i reservatet er det eit større nettverk av mange små myrer. Dei fleste er registrert som kalkfattige jordvassmyrer, med det er og innslag av nedbørsmyr som er lista som nær trua i Artsdatabanken, men som er forholdsvis vanleg i nedbørsrike område. Alle myrene i den øvste delen er heilt intakte.

Sjølv om det er færre artar enn venta, er det fleire registreringar av sårbare artar i naturreservatet. Artsdatabanken syner både trollringlav, gubbeskjegg, bergperikum, knerot, furustokkjuk, granmeis, svartstrupe og raudstilk. I tillegg kan det vere andre artar som ikkje er registrert på kart. Registreringane vart gjort i eit dårleg soppår, noko som kan ha hatt verknad på tal registrerte artar.

I bratte lier på berg blir jord og plantevekstar raskt erodert vekk på grunn av ferdsel. Når det er vått og fjellet er glatt, trakkar folk gjerne på vegetasjonen ved sidan av stien. Vegetasjonen lausnar frå fjellet og det blir store parti med ope fjell. Sidan jordsmonnet blir erodert vekk vil det ikkje vekse til ny vegetasjon igjen på desse områda.

Fleire stadar langs stien opp og ned frå Veten er det fleire løp i stien og større områder med vegetasjon blir slitt vekk med mykje trafikk.

2.2 Næring

Gloppen jeger- og fiskarlag har hytta Røssebu ståande midt i verneområdet. Denne hytta er til utleige for overnatting for både medlem og ikkje-medlem. Hytta er og nytta av besøkande på dagsturar, enten på arrangerte fellesturar eller av enkeltpersonar som nyttar doen eller bålplassen. Gloppen jeger- og fiskarlag har ein båt til utleige for sine medlem og dei tilbyr gratis fiske i vatnet mot at eventuell fangst vert rapportert i hytteboka.

Kolebakkane NR blir og nytta til jakt og ligg innafor hjortevalda Gloppen Nordside (Eide jaktfelt), Kyrkjeteigane og Hunskår.

Eide/Evebø beitelag slepper sau og storfe på beite som nyttar den nordre og vestre delen av verneområdet.

2.3 Den besøkande

Naturreservatet ligg nord for utløpet av Breimsvatnet og er lett tilgjengeleg frå både Sandane og Breim. Verneområdet er lite kjent og det er mest lokale innbyggjarar som nyttar området. Det er fleire populære dagsturar og dei fleste som er innom går desse og reiser heim igjen.

Informasjon om fotturar i naturreservatet vert ofte annonsert som nærturar og tur til Veten og Røsskleivvatnet frå Valborgkleiva ligg inne på UT.no og har vore ein del av ti på topp.

2.3.1 Fotturar

Den vestlege enden av området er lettast tilgjengeleg og mest besøkt. Her går det bomveg for bil opp mot Leirstøylen og Eidsstøylen. Frå vegen er det kort gangveg på gode stiar til naturreservatet. Dei mest brukte innfallsportane er i vest; opp til Vetten og frå Leirstøylen til Røsskleivvatnet. Frå aust er innfallsporten frå Hunskor.

Mest nytta stiar:

- **Vetten**

Stien til Vetten er ein mykje nytta sti som er i god stand og er lett tilgjengeleg frå Valborgkleiva. Det vart bygd klopp over Bjørnalomyra i 2012 som no har preg av råte. Bortsett frå klopper og merking med røde merker, er det ingen tilrettelegging på stien til Vetten. Ifølgje statistikken til trimgruppa i Sandane turn – og idrettslag (STIL) vert Vetten besøkt av 3500-4000 personar årleg og er, saman med Haugsvarden, det mest besøkte turmål i Sandane-området.

- **Røsskleivvatnet:**

Stien til Røsskleivvatnet (gjennom Røsskleivdalen) frå Leirstøylen er mykje nytta, men ikkje i same grad som stien til Vetten. Stien er tidvis våt, men elles i god stand.

Stiane til Vetten og Røsskleivvatnet er merka inn på kart og ligg ute på www.ut.no.

- **Hunskor**

Frå Hunskor går det ein sti i retning Røsskleivvatnet. Stien er, saman med stien gjennom Røsskleivdalen, den gamle vinterferdselsvegen mellom Sandane og Breim. Langs enkelte parti er ikkje stien lett å finne igjen i terrenget. Stien er merka, men ikkje mykje brukt.

Andre merka stiar:

Det ligg fleire merka stiar i Kolebakkane NR, men desse er i liten grad nytta av besøkande. Fleire ruter er merka i terrenget, men ikkje ligg inne i kart:

- **Austleg ende av Røsskleivvatnet til Vetten**

Langs vatnet er stien våt og går over myrar. Frå enden av vatnet, der stien begynner å gå oppover, er stien tørr og i nokolunde bra stand.

- **Vestleg ende av Røsskleivvatnet til Vetten**

Fyste delen av stien er våt og i dårleg stand. Stien ber punktvis preg av store slitasjeskader, spesielt i dei brattaste områda. Denne vert mykje nytta av dei som ønskjer å ta ein rundtur til Vetten i staden for å gå opp og ned same veg.

- **Røsskleivvatnet til Eidsstøylen**


Stien er våt, med lite slitasjeskadar. Stien er truleg mindre nytta ein dei andre stiane i området.

2.3.2 Sykling

Sykling i terrenget har ei aukande interesse og det er eit aktivt miljø i Gloppen og har også vore eit tema i samband med Kolebakkane NR. Etter forskrifta er bruk av sykkel, hest og kjerre og riding utanom eksisterande vegar forbode. I og med at det ikkje er etablerte vegar i naturreservatet er det ikkje lovleg å sykle innafor reservatet. Utanfor naturreservatet har Nordfjord Grovsyklarlaug utbetra stien mot Vetten med tanke på sykling, men det er inga planar om å opne for sykling på sti i naturreservatet fordi det er ønskeleg å halde slitasje på vegetasjonen til eit minimum.

2.4 Anna relevant kunnskap

Før Breimsfjelltunnelane kom på slutten av 1970-talet, gjekk vegen i den stupbratte fjellsida langs Vetten ved Breimsvatnet. Frå Høygardane gjekk det og ein vinterveg ovafor fjellet Vetten framom Leistøylen, til Kleivadammen og Sandane. O. A Skrøppa har skildra vegen gjennom ei forteljing om Dals-Brunen. Denne historia er skildra i informasjonsmateriell langs stien (Figur 1) langs stien til frå Leistøylen til Røsskleivvatnet. På grunn av til tider mykje snø var ikkje vegen alltid mogleg å bruke, og dei måtte nytte hestar som var gode på å gå i snøen. Historia langs stien skildrar Johans (Johannes) Dale og hans litle, brune hest: Brunen.



Figur 1: Bilde av 'skilt' langs stien i Røsskleivdalen med historia om Dals-Brunen av O. A. Skrøppa.

2.5 Oppsummering

Delar av Kolebakkane NR er særst mykje brukt til fots. Dette skapar slitasje og gjev trong for jamleg vedlikehald og tilrettelegging for å styre trafikken og unngå skadar i naturreservatet.

3 Mål og strategiske grep

3.1 Mål med besøksforvaltninga

Besøksstrategien for Kolebakkane NR er gjeldande i perioden 2025-2029. Det overordna målet med besøksforvaltninga er å leggje til rette for oppleving og friluftsliv i delar av naturreservatet, samstundes som natur- og kulturverdiar vert ivaretekne. Bruken av verneområdet skal ikkje gå utover av verneverdiane. Det er difor ikkje ønskeleg med ei stor auke i trafikk i verneområdet.

3.1.1 Mål for verneverdiane

- Den urørte naturen takast vare på og ikkje reduserast.
- Ferdsel skal ikkje føre til meir slitasje på sårbar vegetasjon.

3.1.2 Mål for dei besøkande

- Verdiane i verneområdet skal gjerast meir synlege og kjent for lokalbefolkninga og dei besøkande for å auke forståinga for omsyna som må takast.
- Synleggjere turmål og stiar i reservatet ved innfallsportane.
- Synleggjere reglane i verneområde ved innfallsportane.

3.2 Strategiske grep

For å auke kunnskapen og medvitet om verneområdet må det lagast ein informasjonsplan og gjennomføre tiltaka som er sett i besøksstrategien. Det er nødvendig å synleggjere reglane i naturreservatet, til dømes når det gjeld brenning av materialar og sykling i naturreservatet.

Det er viktig å styre trafikken mot dei områda i reservatet som er mest robuste og sikre desse mot slitasje. Det må jobbast for å beskytte utsette områder i bratte lier og over myrer frå ferdsel. Det må undersøkjast kva tiltak som kan gjennomførast for å samle ferdsel på ein sti slik at det ikkje vert laga mange løp som slit meir på naturen.

Tiltaka skal utførast i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar der dette er hensiktsmessig.


Gran har blitt planta i verneområde og det vil bli jobba med å fjerne større gran gjennom hogst, samt at det må gjennomførast vidare skjøtsel der mindre gran vert fjerna etter kvart som den kjem opp. Gloppen kommune etablert eit samarbeid med ungdomsskulen i Gloppen slik at elevane kan besøke eit mindre verneområde i kommunen sin og utføre litt skjøtsel for å ta vara på det. Vidare vil det vere samarbeid med private aktørar for å få gjennomført skjøtselstiltaka.

4 Kommunikasjonsplan

Besøksstrategien skal vere tilgjengeleg på Gloppen kommune sine heimesider og vil også bli tilsendt til relevante aktørar som grunneigarar og lag og organisasjonar som kan ha brukarinteresser i området. Det vil jobbast for å sette opp informasjonsskilt som skildra i besøksstrategien.

Fordi det ikkje er ønskje om stor auke i tal besøkande, vil marknadsføring vere avgrensa. Det er likevel positivt at lag og foreiningar nyttar området til tur og rekreasjon, samt at besøkande kan ha glede av området.

5 Tiltaksplan



Figur 2: Kart over tiltaksplan for Kolebakkane NR

Tiltaka vil verte gjort i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar og finansiert ved hjelp av søkbare midlar. Tiltak der det ikkje er søkbare midlar vil verte lågare prioritert.

Jamleg overvaking og oppfølging av tiltak vil danne grunnlag for eventuelle nye tiltak og kunnskap om tilstanden om Kolebakkane naturreservat.

5.1 Ta vare på verneverdiar og fjerne framande artar

Grana er definert som ein framand art i verneområdet jf. verneforskrifta. Den har vore planta i tidlegare tider for tømmerproduksjon før området vart verna (Figur 2, felt merka i lilla). Bestanda står vanskeleg tilgjengeleg til og det vil ikkje vere mogleg å drive konvensjonell hogst utan store inngrep. Grana skal difor fjernast, enten ved hogst eller ved ringberking. I områda der det blir gjennomført hogst vil tømmeret kappast opp og leggst slik at det ikkje blokkerer eksisterande stiar eller er til sjenanse for besøkande. I områder utan merkete stiar eller mykje ferdsel vil ringberking vere vurdert. Trea vil då daude på rot og bli ståande til dei knekker eller veltar naturleg. Det vil elles vere aktuelt med andre mindre tiltak for å hindre naturleg spreiding.

5.2. Informasjonsskilt

- **Valborgkleiva**

Det bør settast opp informasjonsskilt om verneområdet langs stien opp til Veten (

Bilde 1). Dette skiltet bør stå ved parkeringsplassen ved høgdebassenget i Valborgkleiva. Her står eit turskilt som legg fram turen opp til Veten med informasjon om allemannsretten med tilhøyrande pliktar. ***Om skiltet skal stå her, må det lagast til eitt som informerer både om tur til Veten og Røsskleivvatnet, samt informasjon om verneområde og aktsemdsomsyn.***

- **Alternativ til Valborgkleiva:** Eit alternativ til Valborgkleiva er å sette opp eit skilt lenger opp langs skogsbilvegen på ein lunneplass som fungerer som parkeringsplass for enkelte besøkande (Figur 2, gule punkt, samt Bilde 2). Dei som startar turen frå Valborgkleiva går og forbi denne plassen.
- **Leirstøylen:** Det bør settast opp eit informasjonsskilt om verneområdet langs stien opp til Røsskleivvatnet ved Leirstøylen, samt langs stien frå Hunsår (Figur 2, gule punkt, samt Bilde 3). Verneområdeskilt er plassert ut langs inngangsportalane.

- **Bålplassar:** Det har vore laga til fleire bålplassar på austsida av Røsskleivvatnet. Her bør det setjast opp eit skilt med reglar om bålbrenning (Figur 2, raude punkt).
- **Røssebu:** Gloppen jeger- og fiskarlag har ei eiga ordning for å kunne ta ut ved ein treng til bruk på Røssebu. Det bør setjast opp eit skilt som syner kva som er lov rundt bålbrenning ved Røssebu.

5.3. Turstiar

Friluftsliv er viktig for folkehelsa. Stiane skal vere i god nok stand til at besøkjande går der det tenkt og ikkje trakkar ned meir natur enn nødvendig. Kloppegging og/eller eventuelle andre løysingar, samt vedlikehald av installasjonar, vil vere tiltak knytt til stiane. Ved merking eller tilrettelegging av nye stiar bør lokale spesialistar involverast med tanke på blant anna reirplasseringar langs traseen.

5.1.1 Kloppe (Figur 2, blå punkt)

- **Sti til Veten, Bjørnalomyra:** Sandane turn og idrettslag (STIL) fekk løyve til å bygge klope over Bjørnalomyra i 2012. Dei ber no preg av råte og er planlagt å bytast ut (punkt 6 på figur 2, Bilde 4). Midtre Nordfjord Turlag fekk i 2025 midlar til å byte ut om lag 40 m klope.
- **Sti frå Leirstøylen til Røsskleivvatnet:** Stien er stadvis våt, men elles i god stand. Eit lengre parti både innafor og utafor grensa til verneområde (skilt) er vått og i dårleg stand. Her bør det leggjast om lag 10 m klope og fikse øydelagde overgangar (punkt 1 på figur 2, Bilde 5).
- **Sti frå Røsskleivvatnet til Veten, vestleg veg:** Det bør leggjast om lag 20 m klope på myra ved vatnet (punkt 2 på figur 2).
- **Sti langs Røsskleivvatnet:** Stien går over to korte myrdrag på eit par meter, samt eit lengre strekk på rundt 40 m mot austsida av vatnet. Her bør det vurderast klope (punkt 3 og 4 på figur 2).
- **Sti på austsida av Røsskleivvatnet:** Det bør leggjast rundt 30 m klope over myra på austsida av Røsskleivvatnet (punkt 5 på figur 2). Dette bør prioriterast om ein ønskjer å kanalisere noko av ferdseilen frå Veten denne vegen. Stien er mest synleg i form a skilt.
- **Sti på austsida av Veten:** Klope bør vurderast over eit myrdrag på om lag 12 m.

5.1.2 Delte løp

- **Sti til Veten, delte løp**

Sjølvs om stien er tørr og i god stand, er stien fleire stader delt opp i fleire løp der, til dømes forbi parti med tre eller røter. Det bør vurderast om det skal gjerast tiltak for å kanalisere dei gåande inn på eitt løp for å unngå unødvendig slitasje på naturen rundt. To av mange døme kan sjåast på Bilde 6.

5.1.3 Trapp (Figur 2, grønne punkt)

- **Sti frå Røsskleivvatnet til Veten, vestleg veg (Bilde 7Bilde 8):** Stien frå myra og opp mot Veten har store slitasjeskadar på dei brattaste partia. Det bør vurderast om fjellet kan skrapast reint i traseen, eventuelt å sette opp ei trapp på det brattaste partiet, som er mest utsett for skade. Ein risiko ved å gjere tiltak på denne traseen er at det kan føre til auka trafikk på ei sårbar strekning.

5.1.4 Redusert ferdsel på utsett sti til Veten

- Stien vidare etter Myrdraget ved Rysskleivvatnet på austsida opp til Veten og mot Hunskor er tørr og fin, sjølv om den tidvis kan vere vanskeleg å finne igjen i terrenget. Stien er merka, men ikkje mykje brukt. Det bør undersøkjast korleis ein kan kanalisere noko av ferdsla til Veten frå Røsskleivvatnet denne vegen i staden for rett opp frå vatnet. Stien ligg meir tørt i terrenget og vil betre tole ferdsla. Turen er om lag 2 km lenger, slik at ein vil ikkje kunne kanalisere all ferdsel denne vegen, men ein god sti kan kanskje redusere ferdsla på stien rett opp frå vatnet samanlikna med dagens bruk.
- Ein rundtur opp og ned til Veten frå der ein går hovudtraseen frå Valborgkleiva (Bilde 9) opp på Veten og vidare mot aust ned fjellet til ein kjem til austsida av Røsskleivvatnet der ein kan fortsette langs med vatnet til Røssebu og gå ned Røsskleivdalen tilbake til Valborgkleiva vil vere det beste alternativet med tanke på kva naturen toler av ferdsel.

5.1.5 Tiltaksplan oppsummering

Nr.	Tiltak	Samarbeidspartner	Prioritet	Estimert kostnad	Midlar
1	Fjerning av gran	Entreprenør anbod	Høg	< 100 000,-	Ja
2	Klopplegging Bjørnalomyr	Midtre Nordfjord Turlag	Høg	15 000,-	Ja
3	Skilting	Statens naturoppsyn (SNO)	Høg	50 000	Ja
4	Utbetre stien frå Veten til austsida av vatnet i staden for rett ned til vest.	SNO. turlag og/eller andre aktørar	Høg	Uvisst	Må søke

5	Kanaliserer stiane til Vetten (redusere delte løp)	SNO	Medium	Uvisst	Må søke
6	Utbetere bratte parti frå Røsskleivvatnet vest	SNO	Medium	Uvisst	Må søke
7	Lage til sti m/kloppar langs Røsskleivvatnet aust-vest	SNO , turlag og/eller andre aktørar	Medium	Uvisst	Må søke
8	Utarbeide forvaltningsplan	Innkjøpt konsulent	Låg	Uvisst	Nei

5.1.6 Gjennomførings- og overvakingsplan

- Årleg synfaring der oppstarta tiltak og problempunkt langs hovudstiane vil bli vurdert. Utviklinga vil bli dokumentert med bilde og samanlikna med tidlegare år.
- Dialog med potensielle samarbeidspartnarar (frivillige lag og organisasjonar) ved behov for å få ein oversikt over deira ønskjer, samt kva som kan vere aktuelle samarbeidstiltak innfor Kulebakkane naturreservat.

5.1.7 Risikovurdering

Vedlikehald og tilrettelegging av stiar kan resultere i auka bruk av Kulebakkane naturreservat. I utgangspunktet er det positivt at naturreservatet vert nytta til rekreasjon, samt at det er ønskeleg at lokalbefolkninga skal ha ei tilknyting til området og god kunnskap om dei verdiane ein har i naturen rundt seg. Samstundes kan auka bruk av område føre til fleire negative konsekvensar. Stiane blir meir nedtrakka og kan fort bli våtare. Når stien blir våt, vil folk ofte gå på sidan av stien, noko som fører til breiare trakk og/eller fleire små stiar rundt det våte partiet. Dette har ein negativ verknad på naturen då mykje av grunnlaget for vegetasjonen blir vekke og artar kan bli øydelagde og forsvinne. Auka trafikk fører til at fleire folk går i områder som tidlegare har vore ubrukt. Dette kan uroe dyra som elles har fått vere i fred.

I. Vedlegg: Bilde frå aktuelle tiltakspunkt



Bilde 1: Parkeringsplassen ved høgdebassenget i Valborgkleiva. Mange startar turen her og det er ein aktuell stad å sette opp eit informasjonsskilt. Innfelt er nærbylde av turskiltet som står der per i dag.



Bilde 2: Parkering/lunneplass langs skogsbilvegen. Som eit alternativ til plassen på Bilde 1 kan det vere aktuelt å setje opp eit informasjonsskilt på lunneplassen.



Bilde 3: Leirstøylen er ei av infallsportane til Kolebakkane NR og ein god plass å sette opp eit informasjonsskilt.



Bilde 4: Klopp over Bjørnalomyra. Koppene er prega av slitasje og råte. Denne stien er mykje brukt og kloppene må holdast ved like.



Bilde 5: Eit lengre parti både innafor og utafor grensa til verneområde (skilt) er vått og i dårleg stand. Her bør det leggjast kloppar og fikse øydelagde overgangar.





Bilde 6: Døme på stader der stien har fleire løp som gjer at større delar av naturen blir nedtrakka og øydelagd.



Bilde 7: Stien frå vestenden av Røssleivvatnet til Veten. Nedste parti er bratt og vanskeleg å gå. Stien er fuktig og ber preg av slitasje. På dei mest utsette plassane bør det lagast klopper og settast opp ein trapp.



Bilde 8: Stien frå vestenden av Røssleivvatnet til Veten. Denne stien er generelt dårlegare enn den austlege stien. Ferdsel bør kanalisert til den austlege stien.



Bilde 9: Stien til Veten er for det meste tørr og i bra stand

